

Opplæringstiltak/kurs for pasientar og pårørende



Aktivitetsplan vårhalvåret 2012

Lærings- og meistringssenteret (LMS)
Helse Møre og Romsdal

Aktivitetsplan for vårhalvåret 2012

Vel møtt til eit nytt år med opplæringstiltak/kurs for pasientar og pårørande i Helse Møre og Romsdal. Frå 1. januar 2012 er Lærings- og meistringssenteret (LMS) i tidlegare Helse Sunnmøre HF og Helse Nordmøre og Romsdal HF organisert i Samhandlingsavdelinga i Helse Møre og Romsdal. Samtidig gjekk også, som kjent, startskotet for Samhandlingsreformen. Denne gir oss nye oppgåver, utfordringar og samarbeidspartnarar, og vi ser fram til å samarbeide tettare med kommunane om pasient- og pårørandeopplæring.

Frisklivssentralar er i ferd med å bli etablerte i mange kommunar. Lærings- og meistringssenteret har i nokre høve vore med i etableringsarbeidet. Denne kommunale satsinga på frisklivssentralar er eit viktig tiltak for å fremme helse og førebyggje sjukdom, og vil vere ein naturleg samarbeidsarena for LMS.

Å mestre livet med kronisk sjukdom eller ei funksjonshemming byr på mange utfordringar og erfaringar. Vi er difor glade for at vi har eit godt samarbeid med brukarorganisasjonar og brukarrepresentantar i arbeidet med pasient- og pårørandeopplæringa. Vi ønskjer også å framheve dei engasjerte fagpersonane som er med i opplæringstiltaka.

Med denne felles aktivitetsplanen for Helse Møre og Romsdal vil vi medverke til at dei eksisterande opplæringstiltaka i spesialisthelsetenesta i fylket vert kjende for folk som har behov for dei. Dette gjeld like mykje for legar som tilviser, og for andre som evt. kan ta kontakt med oss på Lærings- og meistringssenteret for at vi kan vere med og tilretteleggje for nye tiltak.

Vi ser fram til eit aktivt og lærerikt halvår!

Med vennleg helsing
frå Lærings- og meistringssenteret,

Toril Kvisvik, Linn Stokke Maude, Toril Espe Aukan, Ellen Karin Langnes, Kolbjørn Gjære og Randi Erdal

Bilete på framsida: Vilde Moltudal, Volda vidaregåande skule, 2010.

Opplæring av pasientar og pårørnde


Opplæring av pasientar og pårørnde er ei av spesialisthelsetenesta sine fire hovudoppgåver. Avdelingane ved sjukehusa har hovudansvaret for denne oppgåva. I kvar klinisk avdeling er det oppnemnt ein opplæringskoordinator som skal samordne avdelinga sitt arbeid med pasient- og pårørndeopplæring og vere eit bindeledd mellom avdelinga og Lærings- og meistringssenteret. Senteret støttar avdelingane sitt opplæringsarbeid fagleg, praktisk og administrativt. Senteret arbeider også for at opplæring skal vere ein naturleg del av standardiserte pasientforløp. Nært samarbeid med brukarar, brukarorganisasjonar og kommunar legg grunnlaget for dette.

Kva er eit Lærings- og meistringssenter?

- Ein tilgjengeleg møteplass mellom pasientar/brukarar og fagpersonar.
- Ein lærestad for pasientar/brukarar med kronisk sjukdom og/eller funksjonshemming, der dei skal få utvida innsikt i eigen situasjon og bli styrkte i si meistring av kvardagen.
- Ein lærestad der helsepersonell får hjelp – og høve – til å formidle kunnskap om sjukdom, funksjon og helse.
- Læringstilboda blir gitt til grupper av brukarar (pasientar, pårørnde og venner). Avhengig av tema blir gruppene samansette av brukarar med same diagnose eller på tvers av diagnosegrupper.

Standard metode

Lærings- og meistringstilboda blir utvikla i samarbeid med fagpersonar med ulik fagbakgrunn og brukarrepresentantar (erfarne brukarar) som deler sine erfaringar og kunnskapar. Arbeidsmåten blir kalla Standard metode, og er basert på dialog og forankra i verdiane om brukarmedverknad og sidestilling av brukarerfaring og fagkunnskap.



Tilvising og påmelding, utgifter og refusjon

Informasjon om påmelding og eventuelt behov for tilvising (henvisning) finn du i kursbrosjyre, på nettsider og ved å ta direkte kontakt med avdelinga. Tilvising skal sendast til avdelinga eller poliklinikken som er kursansvarleg.

Eigenbetaling

Eigendelen for deltaking i kursprogram på minst 7 timar, er kr. 307 for pasient. Eigendelstak 1 for 2012 er kr. 1980.-. Pårørande betaler ikkje eigendel. Barn under 16 år og foreldre som deltek på foreldrekurs, skal heller ikkje betale eigendel. Deltakarar kan pårekne å måtte betale noko for lunsj. Alle eigendelar blir automatisk registrerte i grunnlaget for frikort, også eigendelar for reise med rekvisisjon.

Refusjon av utgifter til reise for pasient

Hovudregelen for reiserefusjon er at ein får dekt billegaste reisemåte med rutegående transportmiddel, dersom ein bur meir enn 3 km unna og betaler meir enn minste lokaltakst. Eigendelen for reiseutgifter er kr. 130 kvar veg pr. 2012 og kjem inn under eigendelstak 1. Blir fritt sjukehusval nytta, er satsen kr. 400 kvar veg.

Utgiftsdekning for pårørande

Reglane om utgiftsdekning for reise og opphald gjeld også pårørande som blir inviterte til kurs/opplæring i regi av spesialisthelsetenesta. Dersom pårørande må ha permisjon frå arbeid, kan dei eventuelt søke arbeidsgivar om velferdspermisjon. For pårørande som deltek som naudsynt reisefølgje, gjeld særskilde reglar.

Reiserekningskjema

Pasientar og pårørande som sjølve ordnar og betaler for reise, må fylle ut reiserekningskjema kvar for seg og sende desse inn til Pasientreiser. For å få refundert utgifter til reise og eventuelt opphald krevst dokumentasjon på deltaking frå kurshaldar. Eigendel blir registrert automatisk i grunnlaget for frikort. Ved behov for ekstraskyss/drosje gjeld elles særskilde reglar om rekvisisjon. Meir informasjon finn du på nettadressa <http://www.pasientreiser.no/>.

Opplæringstiltak/kurs for pasientar og pårørende i Helse Møre og Romsdal, vårhalvåret 2012			
Tema og målgruppe	Stad	Når?	Avdeling og kontaktperson/telefonnr.
ADHD – foreldre	Volda	Vår (?)	BUP 70 05 85 70
	Ålesund	Vår /haust	BUP 70 16 72 00
	Molde	Vår	BUP, Ekspedisjon 71 12 16 30
Allergi hos barn – foreldre	Kr.sund	Vår	Barnesengepost Vibeke Sæter 71 12 15 60
Artrose – nydiagnostiserte	Kr.sund	2. mars	Lærings- og meistringssenteret (LMS) Linn Stokke Maude 71 12 09 95
Autismespekteret (Asperger) – foreldre	Ålesund	Vår /haust	BUP 70 16 72 00
	Volda	Vår (?)	BUP 70 05 85 70
Autismespekteret (Asperger) – unge vaksne, 18 - 30 år	Molde	Vår / haust	Enhet for voksenhabilitering Kari Torvik 71 12 31 00
Autismespektervanskar , ungdom, nydiagnostiserte – foreldrekurs	Kr.sund	5. og 15. mars	BUP v/Elin Fladseth 71 12 29 53
Autismespektervanskar – Ungdomsgruppe	Kr.sund	12. mars	BUP v/Elin Fladseth 71 12 29 53
Bekhterev – pasientar og pårørende	Ålesund	20. mars	Revmatologisk avdeling Kristin Mørkeseth 70 10 53 97

Opplæringstiltak/kurs for pasientar og pårørende i Helse Møre og Romsdal, vårhalvåret 2012

Tema og målgruppe	Stad	Når?	Avdeling og kontaktperson/telefonnr.
Brystkreft – pasientar	Ålesund	Fortløpande, etter invitasjon.	Kirurgisk avd. 2 Brystdiagn. senter Brit Hildrestrand Hurlen, 70 10 57 60
Cerebral Parese – ungdom, unge vaksne og vaksne m/lett grad av CP	Molde	2-3 gongar i halvåret. Første saml. 26. januar	Enhet for voksenhabilitering Ellen Munthe-Kaas 71 12 31 00
Cøliaki – vaksne pasientar og foreldre til barn med Cøliaki	Kr. sund	6. februar	Lærings- og meistringssenteret Linn Stokke Maude 71 12 09 95/900 27401
Cøliaki, barn – foreldre og personale	Ålesund	30. januar	Barnepoliklinikken Helen Ytrebø 70 10 75 50
Cøliaki – vaksne pasientar og ein av deira pårørende	Ålesund	24. og 25. januar	Medisinsk poliklinikk Gastroenterologisk seksjon, Mona Grytten 70 10 58 00
Depresjon (mild til moderat) – pasientar	Vegsund	29. februar	Vegsund DPS Alfhild A. Ødegård, Sissel Løseth, Eva Stin Gjengedal Vatne, 70 10 67 60
Diabetes type 1 – Foreldre	Kr.sund	27. mars	Pediatriisk poliklinikk Kari Jordahl, 71 12 15 90
Diabetes type 2 – vaksne pasientar med pårørende	Kr.sund	22. og 29.mai	Medisinsk poliklinikk Åse Kvalvik 71 12 23 23, 71 12 23 00
Diabetes type 2 – vaksne pasientar med pårørende	Molde	Vår	Medisinsk poliklinikk Torunn Kanestrøm 71 12 22 18

Opplæringstiltak/kurs for pasientar og pårørende i Helse Møre og Romsdal, vårhalvåret 2012

Tema og målgruppe	Stad	Når?	Avdeling og kontaktperson/telefonnr.
Diabetes type 2 – pasientar	Ålesund	Vår	Medisinsk avdeling Sølvi Olsvik 70 10 54 29
	Volda	14., 21. og 28. mars	Medisinsk avdeling Gerd Helen Masdal 70 05 83 87
Down syndrom – foreldre til dei minste barna med Down syndrom	Ålesund	januar/februar	Seksjon for habilitering Janne Sponland 70 10 64 43
Dødfødsel – foreldre som har mista barn i mors liv, eller i samband med fødsel	Ålesund	Vår	Kvinneklinikken Elin Ytterbø Nina Heggdal 70 10 59 30
Eksem, barn – foreldre/føresette	Ålesund	23. januar	Hudavdelinga Bente Ingebrigtsen 70 10 68 96 Barnepoliklinikken Helen Ytrebø 70 10 75 50
”Foreldrearena” Barn med nedsett funksjonsevne eller langvarig sjukdom – foreldre/føresette	Molde	27. mars	Barnehabiliterings-tjenesten Oddny Elshaug 71 12 16 13 71 12 16 00
Fødselsangst – gravide	Ålesund	Kontinuerleg	Kvinneklinikken, Svangerskapspoliklinikk Elin Hagerup Sissel Hjelle 70 10 59 40

Opplæringstiltak/kurs for pasientar og pårørende i Helse Møre og Romsdal, vårhalvåret 2012

Tema og målgruppe	Stad	Når?	Avdeling og kontaktperson/telefonnr.
Hjarte – pasientar i rehabilitering	Volda	Startdatoar: 2. februar, 3. mai	Hjartepoliklinikken Anne Grethe Vågen Mai Britt Aambakk 70 05 85 56
	Ålesund	Kontinuerleg	Medisinsk intensiv avd., Poliklinikk for hjerterehab. Julianne Hagerup Eli Aasebø 70 10 51 60
Hjarte – pasientar og pårørende	Kr. sund	16. og 23. april	Medisinsk poliklinikk Nina Egset Sæterbø 71 12 23 00
Hjerneslag	Molde	Vår	Nevrologisk avdeling Synnøve Sivertsen 71 12 04 76
Hjerneslag – pasientar og pårørende	Ålesund	Vår og haust	Felles sengepost, slag og geriatri, Hilde Christin Rognsø Furstrand 70 10 57 26/70 10 57 30
Hovudpine – pasientar	Molde	Vår	Nevrologisk avdeling Marianne Undheim 71 12 04 76
Hovudskade – pasientar	Ålesund	Veke 16 og 17	Felles sengepost Audhild Farstad 70 10 51 92
Hørselsskade , høyreapparat - pasientar	Molde	13.mars	Hørselsentralen May Kristin Meisingset 71 12 27 44
IBD/Ulcerøs colitt – pasientar og pårørende	Ålesund	13. og 15. juni	Medisinsk avd./ Medisinsk poliklinikk, Gastroenterologisk seksjon Merete Standal 70 10 58 00

Opplæringstiltak/kurs for pasientar og pårørende i Helse Møre og Romsdal, vårhalvåret 2012

Tema og målgruppe	Stad	Når?	Avdeling og kontaktperson/telefonnr.
Kirurgisk behandling pasientar	Kr.sund	1 gong/ 14dag	Døgnetenhet for kirurgi- gynekologi og indremedisin 71 12 19 40
KOLS – pasientar	Kr. sund	Vår	Medisinsk poliklinikk 71 12 23 00 Brasen rehabilitering 71 57 00 00
	Volda	Når nok påmelde	Medisinsk avdeling Laila Moe Winjevoll 70 05 83 63
	Ålesund	Vår og haust	Medisinsk avdeling Sonja Eriksen, 70 10 54 12
Kreft – etterlatne: "Livslyst når det røyner på"	Volda	oppstart veke 11	Kreftpoliklinikken Sigrid H. Myklebust 70 05 84 94
Kreft – pasientar: "Livslyst når det røyner på"	Ålesund	Oppstart veke 4 og 11	Kreftpoliklinikken Ingunn Erstad 70 05 69 80
Kroniske smerter – pasientar	Molde	Vår	Nevrologisk avdeling Nevrologisk ekspedisjon 71 12 04 80
Kroniske smerter, Sjølvhjelp pasientar	Molde	Vår	LMS, Toril Kvisvik 71 12 09 99/954 81230
Kroniske smerter, smertemeistring – pasientar	Ålesund	Kursstart 23. februar	Smertepoliklinikken Jason Mascall, 70 10 52 63 Kristin Westre, 70 10 52 98
Kroniske smerter, avspenning – pasientar	Ålesund	Start truleg i februar, kvar veke	Smertepoliklinikken Jason Mascall 70 10 52 63

Opplæringstiltak/kurs for pasientar og pårørende i Helse Møre og Romsdal, vårhalvåret 2012

Tema og målgruppe	Stad	Når?	Avdeling og kontaktperson/telefonnr.
Leddgikt – pasientar og pårørende	Ålesund	5.-6.mars, 4. – 5. juni	Revmatologisk avdeling Kristin Mørkeseth 70 10 53 97
Matvareallergi/-eksem foreldre	Kr.sund	4.juni	Barnepoliklinikk Ekspedisjon 71 12 15 90
ME – pasientar	Molde	Vår	Nevrologisk avdeling Ekspedisjon 71 12 04 80
Multipel sklerose (MS) pasientar og pårør.	Kr.sund	17. og 24.april	LMS Linn Stokke Maude 71 12 09 95
Multipel sklerose pasientar	Molde	Vår	Nevrologisk avdeling Laila Monsås, 941 39797
Multipel Sklerose Pasientar og pårørende	Ålesund	10.-14.april	Nevr. avd. Nevrohjemmet rehab.senter Wenche Måseide 70 17 87 00
Nyresvikt pasienter	Kr.sund	Vår	Medisinsk avdeling Enhet for dialyse Evy Otterholm, 71 12 23 29
Nyresvikt – pasientar og pårørende	Ålesund	10. og 17. april	Medisinsk avd., Nyremedisinsk poliklinikk Mette Jerve, 70 10 63 18
Nyresvikt / nyre-transplantasjon – pasientar og pårør.	Ålesund	24. april	Medisinsk avd., Nyremedisinsk poliklinikk Mette Jerve, 70 10 63 18
Ortopedisk behandling – pasientar, før proteseoperasjon i hofte eller kne	Kr.sund	1 gong pr. veke	Døgnetenhet for ortopedi 71 12 19 55

Opplæringstiltak/kurs for pasientar og pårørende i Helse Møre og Romsdal, vårhalvåret 2012

Tema og målgruppe	Stad	Når?	Avdeling og kontaktperson/telefonnr.
Ortopedisk behandling – pasientar, før proteseoperasjon i hofte eller kne	Volda	2. eller 3. kvar fredag	Kirurgisk avdeling Mette Muren Gjerseth 70 05 83 86
Ortopedisk behandling – pasientar, før proteseoperasjon i hofte	Ålesund	Ca. 1 gong pr. mnd	Kirurgisk avdeling Anniken Standal Remseth 70 10 57 66
Overvekt Oppfølgingsdagar	Molde	Vår	Enhet for rehabilitering Eva Kvendbø 71 12 28 75
Overvekt – pasientar søkte inn til overvektsoperasjon, m/pårørende	Ålesund	Informasjonsdagar: 20. jan., 9. mars og 1. juni.	Kirurgisk poliklinikk Mette E. Svinø, Kirsti K. Bjerkan, Liv Grønstad 70 10 52 26
Overvekt – pasientar etter overvektsoperasjon	Ålesund	Torsdagar	Kirurgisk poliklinikk Mette E. Svinø 70 10 52 26
Parkinson – pasientar	Ålesund	8., 15. og 22. mai	Nevrologisk avd. Nevrohjemmet rehab.senter Wenche Måseide 70 17 87 00
Prader Willi syndrom	Molde	Vår	Voksenhabilitering Jonny Gjelsten 71 12 31 00

Opplæringstiltak/kurs for pasientar og pårørande i Helse Møre og Romsdal, vårhalvåret 2012

Tema og målgruppe	Stad	Når?	Avdeling og kontaktperson/telefonnr.
Prostatakreft – pasientar	Kr.sund	Vår / haust	LMS, Toril Kvisvik 71 12 09 99/954 81230
Psykiske lidingar, søsken til den som har ein bror/søster som er litt annleis	Ålesund	Ca. veke 24, ei veke etter skuleslutt	BUP 70 16 72 00
Sjøgren syndrom – pasientar og pårørande	Ålesund	15. - 16. mars, 11. - 12. juni	Revmatologisk avdeling Kristin Mørkeseth 70 10 53 97
Sorg vaksne	Kr. sund	Vår	LMS Toril Kvisvik 71 12 09 99/954 81230
Sorg barn og unge	Kr. sund	Vår	BUP Wenche Sørbye 71 12 17 41
Sorg barn og unge	Molde	Vår/høst	Sjukehusprest Håvard Ervik, 71 12 10 52
Sorg – barn og unge	Ålesund	Månadlege samlingar, nytt opptak hausten	Sjukehuspresten Ålesund sjukehus 70 10 53 23
”Starthjelp” : Barn med nedsett funksjonsevne eller langvarig sjukdom – foreldre/føresette	Molde	Vår	Barnehabiliterings-tjenesten Oddny Elshaug 71 12 16 13 71 12 16 00
Svimmelhetsskole	Molde	Vår	Nevrologisk avdeling Ekspedisjon 71 12 04 80


Opplæring i samband med rehabiliteringsopphald i Helse Møre og Romsdal, vårhalvåret 2012

Tema og målgruppe	Stad	Når?	Avdeling og kontaktperson/telefonnr.
Hjerneslag pasientar	Volda	Innlegging i 2 veker	Mork rehabiliteringssenter Åse Elin E. Osvoll 70 07 73 00
Hjerneslag pasientar	Aure	Innlegging i 3 veker 10.april- 2.mai	Aure rehabiliteringssenter Ekspedisjon 71 64 79 00
Kols pasientar	Aure	Innlegging i 3 veker 2.mai-23.mai	Aure rehabiliteringssenter Ekspedisjon 71 64 79 00
Kreft pasientar	Aure	Innlegging i 3 veker 6.mars- 27.mars	Aure rehabiliteringssenter Ekspedisjon 71 64 79 00
Nakke pasientar	Aure	Innlegging i 3 veker 2.-24.januar 14.feb.- 6.mars 29.mai.- 19.juni	Aure rehabiliteringssenter Ekspedisjon 71 64 79 00
Parkinson pasientar	Aure	Innlegging i 3 veker 24.jan.- 14.feb 19.juni-11.juli	Aure rehabiliteringssenter Ekspedisjon 71 64 79 00

*** Det kan bli endringar i planen.**

Starthjelp

Barnehabiliteringstjenesten skal i samarbeid med Lærings- og meistringssenteret arrangere Starthjelpkurs i Molde våren 2012.



Starthjelp er eit nytt lærings- og mestringstilbod og ei nasjonal satsing av Nasjonalt kompetansesenter for Læring og Mestring (NKLMS). Det vart gjennomført som eit pilotprosjekt i Kristiansund hausten 2011. 16 foreldrerepresentantar deltok dei 4 dagane kurset varte, og tilbakemeldingane viser at dette er eit etterlengta og godt tilbod for foreldra.

Starthjelp er eit gruppebasert læringstilbod for foreldre/føresette som nyleg har fått barn med nedsett funksjonsevne eller langvarig sjukdom, og som vil trenge tett oppfølging frå specialist- og kommunehelsetenesta. Målsettinga med kurset er å styrke foreldra sin kunnskap og forståing om sin nye situasjon, og gi ei oppleving av meistring i eigen kvardag. Kurset skal vere i Molde på dagtid. Oppstartsdato: Våren 2012.

Kontaktinformasjon:

Oddny Elshaug, Barnehabiliteringstjenesten.

Tlf: 71 12 16 13 / 71 12 16 00.

Linn Stokke Maude, Lærings- og meistringssenteret.

Tlf: 71 12 09 95 / 900 27401.

Foreldrearena

Barnehabiliteringstjenesten skal også våren 2012 tilby gruppemøte for foreldre som har barn med ei eller anna form for nedsett funksjonsevne eller sjukdom. Målet er å styrke familien si meistring. Denne satsinga har fått



namnet Foreldrearena, og er eit samarbeid mellom Avdeling for barn og unge og erfarne brukarar. Gruppemøta vil finne stad i Molde.

Kontakt Oddny Elshaug, Barnehabiliteringstjenesten ved Kristiansund sjukehus for nærare informasjon og påmelding.

Oddny Elshaug: 71 12 16 13. E-post: Oddny.elshaug@helse-mr.no.

Helsepedagogikk

Kurs for tilsette i Helse Møre og Romsdal og kommunar

Vi ønskjer å tilby kurs i helsepedagogikk for tilsette ved sjukehusa og i kommunane, for å styrkje den enkelte i å formidle kunnskap om sjukdom, funksjon og helse, i tillegg til å fremme området pasient- og pårørandeopplæring. I vår vil det verte arrangert kurs ved Molde sjukehus 30. og 31.mai. Kurset går over to heile dagar. I tillegg vert det to oppfølgingssamlingar. Kurset er gratis. Programmet vil bli annonsert seinare. Interesserte kan ta kontakt med Toril Kvisvik på Lærings- og meistringssenteret

tlf 71 12 09 99, e-post: toril.kvisvik@helse-mr.no

Barn som pårørande

Når nokon i familien har psykisk sjukdom, er avhengige av rusmiddel, eller har alvorleg somatisk sjukdom eller skade, er det naturleg at merksemda dreiar seg om den eller dei som er direkte ramma. Sjølv om hovudansvaret framleis ligg hos barnets føresette, har helsepersonell frå 1.1.2010 fått pålegg i lovs form om å ha system som i slike situasjonar sikrar at barn og unge sitt behov for tilpassa informasjon og oppfølging vert ivareteke. Omsynet til barn og unge som pårørande skal også visast att i dei opplæringstiltaka som vert gitt.

Lærings- og meistringssenteret på internett

På nettsidene våre kan du finne nyheiter, meir informasjon om kursa i Helse Møre og Romsdal, nyttige lenker for pasientar, pårørande og fagfolk, kontaktadresser, stoff om samhandling og om den regionale funksjonen som er knytt til Lærings- og meistringssenteret.

Startsida vår finn du ved å gå til www.helse-mr.no, velje menyen: "Pasient" og så: "Læring og meistring" til venstre på sida som då kjem fram. Eller du kan gå direkte til adressa:

<http://www.helse-mr.no/no/Pasient/Laring-og-meistring1/>.

Tilsette ved Lærings- og meistringssenteret

Lokal funksjon

Sunnmøre

Randi Erdal, seksjonsleiar

Randi.erdal@helse-mr.no

Tlf: 70 16 87 20 Volda

Tlf: 70 10 63 97 Ålesund

Mobil 996 46406

Besøksadr.: Kløvertun, Volda sjukehus

Ellen Langnes, konsulent

Ellen.karin.langnes@helse-mr.no

Tlf: 70 10 63 98

Besøksadr: Åsebøen 11, 8etg. Ålesund sjukehus

Kolbjørn Gjære, konsulent (vikar)

Kolbjorn.gjere@helse-mr.no

Tlf: 70 10 63 96

Besøksadr: Åsebøen 11, 8.etg. Ålesund sjukehus

Regional funksjon

Helse Midt-Norge

Jan Ole Bolsø, rådgivar

Jan.ole@bolso@helse-mr.no

Tlf: 70 16 87 32/909 38487

Stein Conradsen, 1.konsulent

Stein.conradsen@helse-mr.no

Tlf: 70 16 87 27

Besøksadr: Kløvertun, Volda sjukehus

Nordmøre og Romsdal

Toril Kvisvik, konsulent

Toril.kvisvik@helse-mr.no

Tlf: 71 12 09 99/954 81230

Linn Stokke Maude, fagkonsulent

Linn.stokke.maude@helse-mr.no

Tlf: 71 12 09 95/900 27401

Toril Espe Aukan, sekretær

Torill.espe.aukan@helse-mr.no

Tlf: 71 12 09 98

Besøksadr:

Herman Døhlens v 1.

Kristiansund sjukehus

Forsking og utvikling

Anne Kalvatsvik, forskar

Anne.kalvatsvik@helse-mr.no

Tlf: 70 16 87 25

Besøksadresse:

Kløvertun, Volda sjukehus